



Kristiansund kommune
I medvind uansett vær



MOLDE KOMMUNE



ÅLESUND
KOMMUNE



Ulstein kommune



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Ansvarlig leder	Klinikksjef Ståle Hoff
Eventuelt saksbehandler	Koordinator Mette Grytten og seksjonsleder Ole Lorvik
Saksnr Elements	2022/ xxxx
Vedlegg	Evalueringsrapport Barneblikk mai 2022
Fremsatt for FSU	6. september 2022

Høyring i LSU - Sak til Faglig samarbeidsutval for barn og unge 6. september 2022

Sakstittel: Barneblikk i M&R - framtidig samarbeid mellom kommunar og Helse M&R

Bakgrunn og formål

Oppdrag om *“Etablering av nye lavterskeltilbud til gravide/mødre/foreldre med rus/og eller psykiske problemer fra barnets fødsel til skolealder”* kom i proposisjon til Stortinget Prop 1 S 2013-14. Oppdraget vart integrert i føretaket sitt styringsdokument i 2014. Tildeling til Helse Møre og Romsdal kom over Statsbudsjettet post 732 *Barn som pårørende* med spesifisert beløp til utvikling og koordinering av lågterskeltilbudet ca. 1.4 MNK/år. Helseføretaket (HMR) og kommunane utvikla saman ein driftsmodell og Barneblikk familieteam er oppretta i 4 vertskommunar. Eigarskap og drift skjer i fellesskap mellom vertskommunane og HMR, utviklingsfasen er forankra i samhandlingsavtale, inngått september 2019, gjeldande for 3 år. Drifta er evaluert etter tre år, erfaringar og forskning i avtaleperioden legg grunnlag for korleis tilbudet kan være frå 2023. Eit langsiktig mål var å etablere Barneblikk familieteam i 4 kommunar innan 2022, og seinare breidde tilbudet til heile fylket.

Nasjonal helse- og sykehusplan 2020–2023 (Meld. St. 7 (2019–2020) kap 4 - regjeringen.no):

- *Spesialisthelsetjenesten bør på ulike måter delta på kommunale arenaer sammen med kommunal helse- og omsorgstjeneste.*
- *For eksempel i pasientsentrert helsetjenesteteteam / tverrfaglige team på tvers av forvaltningsnivå som yter tjenester sammen.*
- *Støtte fra spesialisthelsetjenesten kan bidra til et bedre tjenestetilbud for pasienter som ivaretas av kommunal helse- og omsorgstjeneste, men som krever spesiell kompetanse.*

Nasjonal veileder om pårørende syner til samarbeid mellom spesialisthelseteneste og kommunar: *“Samarbeidsavtalar som bør innehalde bl.a. samarbeid om støttetilbud til barn som pårørende på tvers av barne- og vaksentenestene”.*

Helse- og omsorgstjenestelova

- Kommuna skal gi pårørandestøtte, førebygge vald og overgrep, utrede, diagnostisere og behandle, og tilby helsetenester i heimen m.m.
- Kommuner og helseforetak er forpliktet til samarbeid om et helhetlig tilbud til pasienter og brukere.

Oppvekstreformen

- Oppvekstreformen tråtte i kraft 1.1. 2022 og vert no innført i alle kommunar
- Formålet er å dreie fokuset fra dyre (barneverns)tiltak til tidleg innsats og lavterskeltilbud. Kommunane får ansvar for å utarbeide førebyggjande plan for å sikre heilskapelege og samordna tiltak for utsatte barn og unge og deira familiar.

Velferdstjenestelovgivinga

- Endringar i 14 ulike velferdstjenestelover trer i kraft 1. august 2022. Endingane har som formål å styrke oppfølginga av utsatte barn og unge og deira familiar gjennom auka samarbeid mellom velferdstjenestene. Kommunen får ei plikt til å tilby heilskapelege og samordneda tenester til barn og familiar.



Kristiansund kommune
I medvind uansett vær



MOLDE KOMMUNE



ÅLESUND
KOMMUNE



Ulstein kommune



HELSE MØRE OG ROMSDAL



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

- Tverrsektoriell rettleiar om samarbeid, samordning og barnekoordinator vert publisert 15.september 2022

•

Barneblikk er å forstå som eit operativt Helsefellesskap basert på kunnskap om sårbare familiar og nasjonale styringssignal. Tilbodet er førebyggjande for barn i høg risiko, medan tiltaka i hovudsak er retta mot foreldra:

- Barneblikk gir oppfølging til heile familien, direkte tiltak til foreldre/ omsorgspersonar, som igjen blir indirekte tiltak for barna.
- Resultatet er redusert symptomtrykk hos vaksne og barna - som igjen fører til redusert pågang innan psykisk helsevern for barn, unge og vaksne.
- Den tverrfaglege tilnærminga i Barneblikk bidrar til betre tilvisingar, til rett tid, og til rett teneste.

Saksopplysningar:

Samhandlingsavtale signert 2019 mellom vertskommunane og Helse Møre og Romsdal sikra eigarskap og samarbeid om Barneblikk familieteam. Avtalen sikra "utvikling og drift av eit forsvarleg lågterskeltilbod i Møre og Romsdal til målgruppa", og skal fornyast hausten 2022.

Tiltaket er evaluert i 2022, rapport behandla i styringsgruppa for Barneblikk i april 2022. Fagleg innretning, organisering av tilbodet og erfaringar gjennom tre år med operativ verksemd er beskrive i evalueringsrapporten. Rapporten inneheld 9 tilrådingar, mellom anna:

- Fagområda i Barneblikk familieteam bør ikkje utvidast med somatiske vanskar.
- Modellen Barneblikk vert utvikla vidare i samsvar med anbefalingar i rapporten.
- Barneblikk bør verte tilgjengeleg for større delar av befolkninga i Møre og Romsdal vidare bredding vert utgreidd i samarbeid mellom kommunane i Møre og Romsdal og helseføretaket.

Leiarmøte 1. juni 2022 i Klinik for psykisk helse og rus anbefaler vidareføring av arbeidet gjennom revidert avtale, sak 33/22 - leiargruppe klinik for psykisk helse og rus:

«Klinikk for psykisk helse og rus støttar utviding av Barneblikksatsinga i samråd med evalueringsrapporten og oppdraget», og

«Klinikk for psykisk helse og rus støttar utarbeiding av ny avtale om Barneblikk-satsinga basert på vurderingar i Helsefellesskapa, og at partane underteiknar ny avtale i september 2022. I samarbeid med kommunane vil ein sjå på fagleg retning og harmonisere dagens team mtp kompetanse».

Styringsgruppa for Barneblikk handsama saka i møte 21. juni 2022, med tilslutning til dette vedtaket.

Proessen fram til revidert avtale og utgreiing av moglegheiter for å breidde tiltaket, vil naturleg skje ved hjelp av innspel frå Helsefellesskapa: Først i Faglig samarbeidsutvalg barn og unge, der nest høyring i dei 4 lokale samarbeidsutvalga og siste handsaming i Strategisk samarbeidsutval (SSU) 14. sept.

Det er eit mål å ha ny avtale på plass innan utgangen av 2022, medan utvikling av nye modellar for interkommunale samarbeid omkring Barneblikk vert gjort i 2022-23. Val av modell for finansiering vert del av arbeidet.

Vurdering av vidare utvikling

Tilbakemelding frå brukarar, kommunar, fagpersonar og evalueringa tilsei at forankring i kommunane med nærleik til helsestasjonane bidreg til god rekruttering av familiar og låg terskel. Organiseringa er



Kristiansund kommune
I medvind uansett vær



MOLDE KOMMUNE



ÅLESUND
KOMMUNE



Ulstein kommune



HELSE MØRE OG ROMSDAL



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

fagleg god med tilgang til både barne- og vaksentenester og heilskapleg tilnærming. Det er brei semje om at tilnærminga og modellen er sakssvarande til oppdraget.

Anbefalingar i evalueringsrapporten 2022 med omsyn til robuste team, nærleik til helsestasjon og omsyn til befolkningsgrunnlag i kommunane, bør inn i revidert avtale. Avtalen bør sikre stabilitet og kontinuitet gjennom langsiktig avtale med forsvarleg frist for oppseiing.

- Helse Møre og Romsdal – klinikk - styrker sin innsats i kvart av teama i samsvar med evalueringa.
- Vertskommunane med sine omliggande kommunar - bidrar med ressurs i samsvar med sitt befolkningsgrunnlag.

Arbeid med framtidig bredding av Barneblikk er en føresetnad for å svare ut oppdraget, og må skje i et samarbeid mellom vertskommunar, helseføretak og dei andre kommunane i fylket. Dette må med i en revidert avtale.

Forslag til avgjerd:

- a. Fagleg samarbeidsutvalg barn og unge tilrår at Barneblikk vidareføres i tråd med anbefalingane i evalueringsrapport frå 2022.
- b. Fagleg samarbeidsutvalg barn og unge tilrår ei gradvis bredding av tilbodet til kommunane i fylket, og at det vert utarbeidd ein modell for utviding.
- c. Fagleg samarbeidsutvalg barn og unge støttar utarbeiding av ny avtale om Barneblikk-satsinga basert på vurderingar i Helsefellesskapa. Ny avtale skal gjelde frå 1.1. 2023.